

Oppveksttun i Sanden på Stamnes ?

FAU ved Stamnes skule har forståing for at det er utfordringar i det kommunale budsjettet og at det må endringar til for å få dette til å gå opp.

Vaksdal kommune har gjeve foreldre ved Stamnes barnehage orientering om planar om mogleg oppveksttun ved Stamnes skule. Så langt har ikkje foreldre ved Stamnes skule fått tilsvarende orientering.

Me har ein del bekymringar ifm dette:

Det er ikkje sikker hente- og bringesone ved skulen i dag.

Med oppveksttun vil det verte meir trafikk og ferdsel på heile skuleområdet.

Vil det som skal vere skuledel oppfylle naudsynte krav til læringsmiljø, areal og inneklima ?

Må barnehagedelen ha eige skjerma utedrift, og vil det gje reduksjon i det utearealet elevane har pr i dag ?

FAU etterlyser planar og informasjon om korleis Vaksdal kommune ser for seg å plassere barnehagedelen i skulebygget.

Innsparinga som Vaksdal kommune ser for seg eit mogleg oppveksttun vil gje, vil den gå utover undervisninga og tilrettelegging til den einskilde elev ? FAU ber Vaksdal kommune presentere kva følgjer eit mogleg oppveksttun vil få for inneareal, uteareal, bemanning, innsparingar, læringsmiljø og trafikksituasjon.

Me ynskjer til slutt å påpeike at i skulestruktursaka, som var i vår, var ikkje oppveksttun eit alternativ.

Ein blir då noko overraska over å, kun etter få månader, bli presentert forslag om oppveksttun ved Stamnes skule.

FAU ved Stamnes skule ynskjer eit best mogleg læringsmiljø for born og tilsette ved Stamnes skule.

For FAU Stamnes skule

Tonje Carina Tyssebotn Mo

Oddbjørn Hesjedal